Bergen, 30. oktober 2026

Høyringsinnspel til forslag om marint vern av Sognefjorden

Næringsalliansen Vestland takkar for høvet til å gje innspel til Statsforvaltarens forslag om marint vern av Sognefjorden. Her er våre hovudmerknader til forslaget:

Forlaget må trekkjast fordi konsekvensane er dårleg utgreidd.
Vektinga av argument ser ikkje ut til å ha grunnlag i storleikar som let seg samanlikne. Dei negative konsekvensane av vern vil etter vårt syn langt overstige moglege positive verknadar av vernet.

- Forslaget undervurderer negative verknader for næringsliv, vekst og busetnad, og overdriv positive verknader for turisme og destinasjonsverdi av eit vern der mesteparten ikkje er synleg for tilreisande. Vi syner her til høyringsuttale frå mellom anna Vestland fylkeskommune.
- Forslaget tek ikkje omsyn til målsetnad om auka busetnad og auka næringsaktivitet i distrikts-Noreg, og mogleg vekst og nye tiltak i framtida.
- Forslaget tek ikkje omsyn til klare råd frå lokalpolitisk hald, der samtlege ordførarar i verneområdet har uttalt seg mot vernet. Lokaldemokratiet er ikkje lytta til i fasen før høyringa. Dette gjer det vanskeleg å tru at ein vil bli lytta til i den vidare prosessen.
- På grunn av strenge forvaltningsreglar og konsesjonsprosessar for havbruk, krafttiltak og linjeframføring, samt strenge plankrav for anna verksemd og andre tiltak, er også den miljømessige og vernemessige gevinsten heller liten. Vernet gjer det umogleg å utvide verksemd i mange tilfelle. Det gjeld også der det etter konsesjonshandsaming vert teke omsyn til dei verdiane ein ønskjer å ta vare på med vernet utan eit eige vernevedtak. Dette inntrykket vert forsterka av at det er ikkje mindre enn 15 verneområde nær det foreslåtte området.

- Vår erfaring frå andre verneområde viser at det vert peika på dispensasjon, som skal gjere det mogleg å gjennomføre naudsynte tiltak eller endringar i eksisterande verksemd. Det er vanskeleg å sjå at dette skal vere reelt når ein i dag ikkje vil gi dispensasjon til dømes havbrukstiltak i område med svakare vern enn i verneforslaget. Påstanden om å kunne nytte dispensasjon må vi sjå på som ein nullitet – den eksisterer eigentleg ikkje.
- Verknaden for framtidig naudsynt og ønskjeleg infrastrukturutbygging vil vere sterkt negativ. Det er ikkje tilstrekkeleg at ein kan rydde opp etter ras, ein må også kunne rassikre av omsyn til tryggleik og beredskap.
- Beredskapsomsynet er ikkje omhandla i tilstrekkeleg grad.

Omsynet til avtalen om naturmangfald (FNs naturavtale/Kunming-Montreal Global Diversity Frameowork)

Noreg har plikta seg til å følgje opp desse måla i avtalen (sitat):

«MÅL 2 Sikre at det innen 2030 er iverksatt effektiv restaurering av minst 30 prosent av arealene med forringede økosystemer på land, i elver og innsjøer, langs kysten og i havet, for å forbedre naturmangfold og økosystemfunksjoner og -tjenester samt økologisk tilstand og sammenheng.»

Dette målet er lite relevant for Sognefjorden, sjølve argumentet for vernet er at det ikkje er trong for restaurering og at fjorden skal vere eit eksempel for andre.

*«MÅL 3 Sikre og legge til rette for at innen 2030 er minst 30 prosent av arealene på land og i elver og innsjøer, og av arealene langs kysten og i havet, spesielt områder som er særlig viktige for naturmangfold og økosystemfunksjoner og -tjenester, effektivt bevart og forvaltet gjennom økologisk representative, godt sammenhengende og rettferdig forvaltede systemer av verneområder og **andre effektive arealbaserte bevaringstiltak** (vår utheving), med anerkjennelse av urfolksområder og tradisjonelle områder der det er aktuelt, og integrert i større landskaper og sjø- og havområder, samtidig som det sikres at all bærekraftig bruk, der dette er aktuelt i disse områdene, fullt ut er i samsvar med bevaringsformål, og at urfolks og lokalsamfunns rettigheter anerkjennes og respekteres, herunder rettighetene til deres tradisjonelle områder.»*

Slik status er for fjorden i dag, er forvaltninga så streng at også dette omsynet er ivaretatt. Der er ei lang rekke effektive reguleringar av fjorden som i praksis tryggar varetaking av biologisk mangfald og fjorden elles.
Vi viser mellom anna til eit større område med status som nasjonal laksefjord, i tillegg til dei før omtalte verneområda, konsesjonsreglar og planregime elles.

Vi vil løfte fram at eit internasjonalt mål om å verne 30 prosent ikkje kan vere einaste grunngjeving for tiltaket. Eit vern av ein fjord er langt meir inngripande enn mykje anna vern av sjø, fordi ein fjord naturleg nok har to sider. I dette tilfellet er vernet større enn alt anna vern av fjordområde i Noreg. 1000 kvadratkilometer er eit enormt område i ein region med utfordringar knytt til folketal og næringsutvikling.

Av omsyn til dette ligg dei langt fleste områda langs fjorden i arbeidsgjevaravgiftssone 2. Den reduserte arbeidsgjevaravgifta skal sørge for auka busetnad og næringsverksemd. Eit vern av 1000 kvadratkilometer vil undergrave dette nasjonale verkemiddelet monaleg. Vi stiller spørsmål om det er mogleg å oppretthalde verkemiddelet når ein legg ei så klar regulering med målsetnad om å hindre vidare vekst.

Avslutningsvis vil vi understreke at der er inga usemje kring det å ville ta vare på kvalitetane i Sognefjorden. Det er likevel ikkje i verneforslaget synt noko ved vernet som vil gi så stor meirverdi for tilstanden i fjorden at det rettferdiggjer ei så omfattande regulering. Derimot vil det klart komme i strid med andre nasjonale målsetnader om busetnad og distriktsutvikling. Desse konsekvensane er ikkje utgreidd på nokon relevant måte i forslaget.

Vi ber difor om at forslaget vert trekt tilbake.

Subsidiært ber vi om at vernegrensa vert trekt lik den delen av Sognefjorden som i dag har status som nasjonal laksefjord, med monaleg avstand til stranda.

Beste helsing



Espen Børhaug
Næringsalliansen Vestland

918 45 600
espen@bergen-chamber.no

Næringsalliansen Vestland blei stifta i 2008. Alliansen er eit nettverk samansett av 16 næringsforeiningar i Vestland. Saman representerer dei meir enn 3000 bedrifter og 150.000 arbeidsplassar og er ein viktig aktør når det gjeld næringsutvikling i heile fylket.